

Saksbehandlar: Ingeborg Lie Fredheim, Opplæringsavdelinga
Sak nr.: 16/3925-3

Budsjett 2017 - sektorbudsjett for opplæring

Fylkesdirektøren rår hovudutvalet for opplæring til å gjere slikt vedtak:

1. Hovudutvalet for opplæring sluttar seg til fylkesdirektøren si skisse til konkretisering av budsjettet for 2017.
2. Målekartet vert vedteke i samsvar med saksutgreiinga.

Vedlegg:

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Innleiing – felles for alle hovudutvalssakene

Fylkestinget handsama i juni sak om økonomiplan 2017-2020. Følgjande sektorrammer vart vedtekne:

Økonomiske rammer	B-2017	B-2018	B-2019	B-2020
Fellesinntekter/- utgifter - netto	-2 195,3	-2 177,1	-2 152,3	-2 078,6
Sektorrammer				
Politisk styring, plan og forvaltning	159,2	158,9	158,5	157,9
Opplæring	824,1	803,9	791,5	786,8
Tannhelsetenesta	81,5	76,4	76,4	76,4
Næring og kultur	155,2	148,3	147,9	147,9
Samferdsle	975,3	989,7	978,1	909,7
Sum sektorrammer	2 195,3	2 177,1	2 152,3	2 078,6

Det er desse rammene som vert lagt til grunn for det vidare budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Økonomiplanen føreset at tapskompensasjonsordninga vert trappa opp. Vidare er sektorrammene blitt reduserte som følgje av vedtekne innsparingstiltak. Å få realisert desse føresetnadane, både på inntekts- og utgiftssida, er ei svært viktig arbeidsoppgåve framover.

Fylkestinget gjorde også i saka om økonomiplan 2017-2020 vedtak om at tiltak og tilpassingar må utgreiast og konkretiserast som ein del av arbeidet med budsjett 2017, viss det er naudsynt.

Hovudutvala skal no kome med ei tilråding til finansutvalet på sektoren sitt detaljbudsjett for 2017. Som sektorspesialistar har hovudutvala gode føresetnader for å nytte tildelt ramme på ein best mogleg måte. Viss det i denne saka vert tilrådd omprioriteringar mellom ulike programområde og tenester i høve gjeldande økonomiplan må dette spesifiserast nærare.

Hovudpunkta i saka til hovudutvalet for opplæring er:

- endringar i den økonomiske ramma for opplæring
- gjennomføring av innsparingstiltaka i vedteken økonomiplan (2017-2020)
- særskilde utfordringar i økonomiplanperioden
- målekart 2017.

2. Endringar i den økonomiske ramma for opplæring

2.1 Verknader av tertialrapport 2/16

I arbeidsdokument 4/16 frå fylkesrådmannen til finansutvalet heiter det:

«5.2 Verknader av tertialrapport 2/16

I tertialrapport 2/16, som går parallelt med dette arbeidsdokumentet, har fylkesrådmannen tilrådd endringar på opplæringssektoren med konsekvensar for økonomiplanrammene. Tabellen under syner dei tenestene som vert tilrådd endra for 2017-20. At beløpa er ulike mellom åra skuldast m.a. halv-/heilårseffekt, samt at nokre av endringane ikkje er varige. For nærare grunngjeving av endringane vert det vist til tertialrapporten. Tala vil ev. bli justert i samsvar med endeleg vedtak i FT i oktober.

	2016	2017	2018	2019	2020
5150 Forvaltning og fellesutgifter	-5,3	-9,3	-5,0	-0,9	-0,9
5151 Fellesutgifter	1,7	4,5	2,5		
5152 Eleveksamen	-0,4	-0,4	-0,4	-0,4	-0,4
5200 Pedagogisk leing mv	1,3	2,9	1,6		
5210 Utdanningsprogramma	-3,0	-1,8			
5613 Oppfølgingstenesta	-0,1	-0,1	-0,1	-0,1	-0,1
5701 Opplæring i bedrift	-2,4	-2,4			
5901 Privatisteksamen	0,4	0,4	0,4	0,4	0,4
Sum endring	-7,8	-6,2	-1,0	-1,0	-1,0

Opplæringssektoren har i økonomiplanrammene eit uspesifisert innsparingskrav på 0,8 mill. kr i 2018 aukande til 7,0 mill. kr frå 2019. Fylkesrådmannen vil tilrå at den årlege innsparinga på 1 mill. kr frå 2018 vert nytta til å løyse noko av det uspesifiserte innsparingskravet. Fylkesrådmannen meiner det er viktig å ta ut eit slikt handlingsrom innafor sektoren når vi no er inne i en fase der det skal realiserast mange innsparingstiltak.

Ramma til opplæring vert ut frå dette redusert med 6,2 mill. kr i 2017 og med 0,2 mill. kr i 2018. Resterande 0,8 mill. kr i 2018 samt 1 mill. kr i 2019/2020 reduserer uspesifisert innsparingskrav. Med dette grepet vil opplæring ha løyst det uspesifiserte innsparingskravet i 2018 og redusert utfordringa frå 7 mill. kr til 6 mill. kr for åra 2019/2020.

Tilråding

Ramma til opplæring vert redusert med 6,2 mill. kr i 2017 og med 0,2 mill. kr i 2018. Varig rammereduksjon på 0,8 mill. kr i 2018 og 1 mill. kr for åra 2019/2020 reduserer uspesifisert innsparingskrav. Tala vil bli justert i samsvar med endeleg vedtak i FT.

»

2.2 Særskilde saker i opplæringssektoren

Nytt skuleadministrativt system (Visma flyt skole)

Arbeidet med Visma flyt skole er omfattande og forseinka framdrift medfører noko auke i, og forskyving av kostnader. Framdrifta i prosjektet for Sogn og Fjordane fylkeskommune er på noverande tidspunkt ikkje heilt avklara. Fylkesdirektøren vil kome tilbake til saka når ny framdriftsplan er på plass.

3. Gjennomføring av innsparingstiltaka i vedteken økonomiplan (2017-2020)

I samband med økonomiplanen er det vedteke følgjande innsparingstiltak:

	2017	2018	2019	2020
Driftsteknikartenestene (del av skulebruksplanen)	-0,5	-1,2	-1,2	-1,2
Reinhaldartenestene (del av skulebruksplanen)	-0,6	-1,3	-1,3	-1,3
Oppbygging av faga i arbeidsåret	-5,5	-12,0	-12,0	-12,0
Omstillingstiltak og seniortiltak for pedagogisk personale		-1,3	-2,9	-2,9
Stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa		-2,4	-2,4	-2,4
Uspesifisert innsparingskrav opplæring		-0,8	-7,0	-7,0
	-6,6	-19,0	-26,8	-26,8

3.1 Driftsteknikar- og reinhaldartenestene

I arbeidsdokument 4/16 frå fylkesrådmannen til finansutvalet heiter det:

«5.6 Driftsteknikar og reinhaldartenestene – vurdering av innsparingstiltak

I vedtaket om skulebruksplanen (FT-sak 26/13) vart det m.a. føresett ei innsparing frå 2017 på teneste 5100 Skulelokale knytt til driftsteknikar- og reinhaldartenestene. Dette vart gjort utifrå ei teoretisk utrekning av behov som følgje av redusert areal ved færre skulebygg. Det viser seg at innsparingane føresett i skulebruksplanen ikkje vil bli realisert fullt ut. Uløyst innsparing utgjer 1,2 mill. kr for driftsteknikartenestene og 1,3 mill. kr for reinhaldartenestene frå 2018. I 2017 er tilsvarande innsparingar lagt inn med halvårsverknad.

I samband med SFJ 2019 vart det sett i gang to utgreiingar knytt til dette, utgreiing #55 Driftsteknikartenestene og utgreiing #56 Reinhaldartenestene.

Utreiinga knytt til driftsteknikarane var ferdig våren 2016 og resultatet synte at det ikkje var grunnlag for innsparing utifrå dagens ressursar og vedlikehaldsbehov. Fylkesrådmannen meiner det difor ikkje er grunnlag lenger for den føresette innsparinga knytt til driftsteknikarane i skulebruksplanen, og tilrår at denne vert reversert.

Den delen av innsparinga som gjeld reinhaldartenestene vert sett i samanheng med den pågåande utgreiinga som har leveringsfrist i 2017. Dersom utgreiinga syner eit innsparingspotensiale vert dette sett i samanheng med den alt innarbeidde innsparinga i høve skulebruksplanen.

Tilråding

Teneste 5100 Skulelokale vert auka med 0,5 mill. kr i 2017 og 1,2 mill. kr frå 2018 som følgje av at forventa innsparing på driftsteknikartenestene vert reversert.

Ev. innsparing i utgreiing #56 Reinhaldartenestene vert sett i samanheng med forventa innsparing i høve skulebruksplanen.

»

3.2 Oppbygging av faga i arbeidsåret

Tiltaket inneber at løyvinga til utdanningsprogramma, frå hausten 2017, vert redusert med 12 mill. kr årleg. Tiltaket inneber at ein i samband med oppbygginga av faga i arbeidsåret tek omsyn til at skulen har planlagde aktivitetar der det ikkje er planlagt lærarstyrt undervisning, t.d. eksamen, aktivitetsdagar og temadagar.

Tiltaket vart i samband med handsaminga av økonomiplan 2016-2020 utsett med eitt år og skal iverksetjast frå hausten 2017. Fylkesdirektøren har sett ned ei arbeidsgruppe som skal skissere korleis tiltaket praktisk kan gjennomførast.

3.3 Omstillingstiltak og seniortiltak for pedagogisk personale

Tiltaket inneber at løyvinga til omstillingstiltak og seniortiltak for pedagogisk personale, frå hausten 2018 vert redusert med 2,9 mill. kr årleg. Løyvingane til omstillingstiltak og seniortiltak vert vurdert som ein samla omstillingspott. Det er lagt til grunn at reduksjonen i løyvningsnivået truleg ikkje vil gje store konsekvensar.

3.4 Stimuleringstiltak i fag- og yrkesopplæringa

Tiltaket inneber at løyvinga til føremålet frå 2018 vert redusert med 2,4 mill. kr årleg. Løyvningsnivået etter reduksjonen, samsvarar om lag med bruken av midlar til føremålet dei siste åra. Det er lagt til grunn at reduksjonen i løyvningsnivå truleg ikkje vil få store konsekvensar for gjennomføring og kvalitet på opplæringa.

3.5 Uspesifisert innsparingskrav opplæring

Tiltaket inneber at sektorramma vert redusert med 0,8 mill. kr i 2018 og 7,0 mill. kr årleg frå 2019. I fylkestinget sitt vedtak i økonomiplan 2017-2020 heiter det m.a.:

«Dei uspesifiserte innsparingskrava innan opplæring og samferdsle må konkretiserast som ein del av budsjett- og økonomiplanprosessen i 2017.»

I økonomiplansaka er det lagt til grunn at det i samband med konkretiseringa, vert gjort ei heilskapleg vurdering av moglege innsparingstiltak og konsekvensar av desse. Fylkesdirektøren vil leggje fram sak for hovudutvalet om dette på eit seinare tidspunkt.

4. Særskilde utfordringar i økonomiplanperioden

4.1 Friare skuleval

Stortinget vedtok ny lov om endringar i opplæringslova (Friare skuleval over fylkesgrenser, praksisbrevordninga m.m.) LOV-2016-06-17-67), gjeldande frå 01.08.2016. Dette inneber at fylkeskommunane, frå skuleåret 2017-2018, har plikt til å handsame søkjarar frå andre fylke, ved ledig kapasitet.

Fylkesdirektøren la fram notat om lovendringa for hovudutvalet for opplæring på møtet 31.08.2016. i notatet heiter det m.a.:

Dei økonomiske konsekvensane av lovendringa har ein ikkje oversikt over per no. Tal elevar frå Sogn og Fjordane med skuleplass i andre fylke (utanom kjøpte plassar og gjesteelevar) for skuleåret 2016-17 er ikkje tilgjengeleg før i starten av oktober. Vi har såleis ikkje andre tal enn dei som vart presenterte i HO-saka i november 2015, som er tala for skuleåra 2014-15 og 2015-16.

Elevar frå Sogn og Fjordane på skular i andre fylke:	2014-15	2015-16
Austrheim og Voss gjennom Hordalandsavtalen	30	24
Kjøpt plass/ gjesteelevgaranti i andre fylke utanom Hordalandsavtalen	21	24
Inntekne i fylkeskommunale skular i andre fylke utan medverknad frå Sogn og Fjordane fylkeskommune	41	70
SUM	92	118

Fram til no har stykkpris for elevplassar knytt til Hordalandsavtalen vore avtala mellom Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar. Etter siste avtale er satsen 75 000 per elevplass, uavhengig av utdanningsprogram.

For kjøpte plassar/gjesteelevar utanom Hordalandsavtalen gjeld KS sine satsar for dei ulike utdanningsprogramma. Utdanningsprogramma er delte i fire grupper, ut frå driftskostnader.

Lovendringa betyr at driftskostnadane knytt til dei ulike utdanningsprogramma vert grunnlaget for gjesteelevoppgjeret mellom fylkeskommunane. Det vil difor ikkje vere mogeleg å rekne ut kostnadane no. Som ei synleggjering av eit mogeleg kostnadsnivå har fylkesdirektøren nytta satsen for gruppe 2, (nest lågaste sats) 123 800 kr per plass, og lagt til grunn tal elevar som gjekk i fylkeskommunale skular utanfor fylket. Med ei slik tilnærming ville kostnaden for 2014-15 blitt om lag 11,4 mill. kr for 92 elevar, og for 2015-16 om lag 14,6 mill. kr for 118 elevar (med ein snittkostnad på 1,4 mill. kr per gruppe utgjør 11,4 mill. kr om lag 10 grupper).

Konsekvensar for elevar med rett til spesialundervisning etter §5.1 i opplæringslova og konsekvensane for fylkeskommunen er så langt ikkje vurdert.

Omfanget av gjesteelevar og tilhøyrande kostnader er svært usikkert. Talgrunnlaget frå skuleåra 2014-2015 og 2015-2016 viser høvesvis 40 og 70 elevar frå Sogn og Fjordane som har fått skuleplass (offentlege vidaregåande skular) i andre fylke, utan økonomisk medverknad frå Sogn og Fjordane fylkeskommune. Etter lovendringa må fylkeskommunen betale for desse. Kostnaden ved ein eventuell auke i tal elevar frå Sogn og Fjordane i andre fylke kjem i tillegg. Erfaringane frå tidlegare år viser at tal elevar frå andre fylke, på skule i Sogn og Fjordane er om lag 10.

Etter fylkesdirektøren si vurdering er det ikkje tvil om at lovendringa vil medføre monaleg auke i kostnader for Sogn og Fjordane fylkeskommune. Fylkesdirektøren si vurdering er likevel at vi må nytte det komande året til å skaffe oss røynsle med ordninga og at vi må kome tilbake til eventuelle budsjettendringar i samband med tertialrapporteringa i 2017.

4.2 *Elevtalsutviklinga*

Den økonomiske ramma for opplæringstilbodet for skuleåret 2017-2018 tilsvarar eit gruppetal på 214. Dette er 6 grupper færre enn skuleåret 2016-2017. I tillegg kjem ei gruppe øyremerka opplæringstilbod til elevar med rett til påbygging etter oppnådd fagbrev. På bakgrunn av skulebruksplanvedtaket er det fylkesdirektøren si vurdering at denne grupperessursen ikkje kan nyttast til å auke gruppetalet i det ordinære tilbodet til 215 grupper.

Fylkesdirektøren har teke direkte kontakt med avgangsskulane i kommunane i fylket for å få tal elevar i grunnskulen som skal over i vidaregåande opplæring frå hausten 2017. Tilbakemeldingane syner berre ein svak nedgang i elevtalsgrunnlaget samanlikna med våren 2016. Ut frå dette og behovet for tilføring av midlar i samband med justeringssaka våren 2016, er det fylkesdirektøren si vurdering at det ikkje vil vere mogleg å redusere gruppetalet i samsvar med den økonomiske ramma og samstundes gje alle rettssøkjarar eit tilbod. Kor mange grupper det vil vere behov for komande skuleår, må avklarast gjennom arbeidet med saka om opplæringstilbodet. Eventuelle behov for endringar i den økonomiske ramma for opplæringstilbodet må ein kome tilbake til i samband med tertialrapport 1 våren 2017.

4.3 *Innføringsgrupper og eksamensretta grunnskulefag (egf)*

Hovudutvalet for opplæring handsama i møtet 12.04.16 HO-sak om innføringsgrupper og eksamensretta grunnskulefag (EGF) for minoritetspråklege elevar. Utvalet gjorde følgjande vedtak:

1. Fylkesrådmannen får fullmakt til å lyse ut og setje i gang innføringsgrupper for minoritetsspråklege elevar i samsvar med behov. Det må være minst 5 søkjarar for å setje i gang tilbodet.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå samarbeidsavtalar med kommunane om å setje i gang eksamensretta grunnskulefag som innføringstilbod.
3. Tilboda er for 2016 føresett finansierte innanfor den økonomiske ramma for teneste 5620 Tilpassa opplæring.

Eventuelt behov for auka økonomiske rammer i økonomiplanperioden må handsamast i samband med budsjett- og økonomiplanarbeidet.

Det er for skuleåret 2016-2017 sett i gang ei innføringsgruppe for minoritetsspråklege og fire grupper for eksamensretta grunnskulefag. Kostnaden ved tilbodet vert dekkja innanfor budsjettet for tilpassa opplæring. Det er stor uvisse knytt til omfanget av opplæringstilbod for målgruppa i åra framover. Fylkesdirektøren meiner det må gjerast ei løpande vurdering av behovet for slike opplæringstilbod og dei økonomiske konsekvensane av dette og at ein må kome tilbake til eventuelt behov for endringar i den økonomiske ramma for tilpassa opplæring i samband med budsjett og økonomiplanarbeidet.

5. Målekart 2017

Fylkesdirektøren har vurdert den delen av målekartet som særskilt gjeld vidaregåande opplæring, opp mot vedtekne planar og framlegget til saldert budsjett for 2017 og rår til at målekartet for 2016 vert vidareført for 2017:

TENESTEYTING

Suksessfaktor	Måleindikator	Ambisjonsnivå
<u>T1:</u> Læringsmiljø	<u>T1.1:</u> Trivsel <u>T1.2:</u> Meistring	<u>T1.1-1:</u> Elevar: 4,4 (skala 1-5). Kjelde: Elevundersøkinga <u>T1-2:</u> Lærlingar: 4,5 (skala 1-5). Kjelde: Lærlingundersøkinga <u>T1.2-1:</u> Elevar: 3,8 (skala 1-5). Kjelde: Elevundersøkinga <u>T1.2-2:</u> Lærlingar: 4,0 (skala 1-5). Kjelde: Lærlingundersøkinga
<u>T2:</u> Læring	<u>T2.1:</u> Karakterutvikling/resultat <u>T2.2:</u> Standpunktkarakter og eksamensresultat i norskfaget	<u>T2.1-1:</u> 15 fag med sentralt gitt eksamen med resultat over landsgjennomsnittet. <u>T2.1-2:</u> 25 % av lærlingane som tek fag- og sveineprøve oppnår resultatet Bestått mykje godt. <u>T2.2-1:</u> 0,4 karaktergrader i avvik.
<u>T3:</u> Gjennomføring	<u>T3.1:</u> Gjennomføring	<u>T3.1-1:</u> I 2015 skal 77% av dei som byrja i vidaregåande opplæring i 2010 ha gjennomført

		opplæringa.
--	--	-------------

REGIONAL UTVIKLING

Kritisk suksessfaktor	Måleindikator	Ambisjonsnivå
<u>R1</u> : Samsvar mellom dimensjonering av opplæringstilbodet og behovet for fagarbeidarar.	<u>R1.1</u> : Samsvar mellom tilgang til læreplassar og tal søkjarar til læreplass	<u>R1.1-1</u> : 90 % av alle med ungdoms- eller vaksenrett som søker læreplass som første ønske får tilbod.